



Det Lille Ølve representert ved Yngve Nordstrand og Morten Gabrielsen.

Ølbryggjing har vind i segla både i fedrelandet og i Kvinnherad. På landsbasis er det no 70 bryggeri som sel øl etter ein auke frå 15 i 1987. I kvinnhersmeisterskapet på Dønhaug i går kveld var 16 lag med og det var rekord-deltaking.

Heile kommunen med unnatak av Halsnøy var representert og juryen leia av Robert Smith-Hald fekk 29 ølprøver til vurdering. Den konkluderte med siger i juleølklassen til Det Lille Ølve og i den ordinære klassen til Podlen Sjølvbryggjarlag frå Sunde. Humlepungen Ølbryggjarlag stelte til eit prikkfritt og friskt arrangement i samarbeid med Kvinnheringen.



Asmund Taarn Sande i Kvinnheringen kunnjger sigeren til Podlen, representert ved Karl Petter Vårdal og Morten Vatterdal. Juryleiaren som både er meister i ølbryggjing og ein kjent og dyktiig trubadur slo fast at kvaliteten var mykje høgare enn i fjor. Ølet som vart innlevert og bedømt før uppskoka var også prega av større variasjon, til dømes ved gjærbruken og bruken av riktig type humle til riktig type øl,



[Kåsør Stein Edvard Myklebust ga mange fakta om status for ølbryggjinga](#)

Denne gongen fekk 2 lag heiderleg omtale i tillegg til vinnarane. I juleølklassa var det Podlen og Avleggjaren og i den andre klassa Det Lille Ølve og Somlepungen. Det vart undervegs oppretta ei porterklasse på grunn av ekstraordinær kvalitet. Den heitte Vetle Feet og, har sin bakgrunn i Uskedalen. Denne gongen var det også eit polsk innslag i deltakarlista. Uppskoka var som vanleg prega av høg stemning og mykje song og spel. Før Robert slapp til var det allsong. Ein sikker programleiar var Vidar Haugland som mellom andre ga ordet til kåsør Stein Edvard Myklebust, til dagleg i oljebransjen men sterkt engasjert i ølfaget og busett i Skårhaug. Han kom med mange fakta for å illustrera korleis ølinteressa veks og har til og med ein eigen ølblogg.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen